



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



SYLTEFJELLET NATURRESERVAT

FJORD KOMMUNE

Høyringsfrist 23.06.202

E-postadresse:
sfmrrpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Postboks 2520
6404 Molde

Besøksadresse:
Julsundvegen 9

Telefon: 71 25 84 00
www.statsforvalteren.no/mr

Org.nr. 974 764 067



Framsida: Syltefjellet sett frå Klovset. (Foto: Vegard Lødøen)



Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2020 var om lag 5,0 % av skogarealet og ca. 3,8 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbedra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilbodet

Statsforvaltaren fekk tilbod om friviljug skogvern på gnr/bnr 27/1,27/3 og 27/5 i Fjord kommune. Det omfattar eit areal på ca. 416 dekar. Tilbodet vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 08.07.2020

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på undersøkingar gjort av Dag Holtan i 2011 i samband med supplerande kartlegging av naturtypar i Norddal kommune. Lokaliteten som er kartlagt som gamal furuskog (BN00070124) med verdi A (svært viktig). Skogen er stor, artsrik og intakt, med ein uvanleg høg del gammalskog, og den har eit klart potensial for funn av raudlisteartar i høgare kategori. Dette viser at området har kvalitetar for vern som naturreservat.

Statsforvaltaren har difor takka ja til tilbodet om igangsetting av verneplanprosess for Syltefjellet Naturreservat. Etter avtale med grunneigarane og ALLSKOG meldte Statsforvaltaren oppstart av verneplanprosess for området. ALLSKOG skal taksere skogen i tilbodsområdet saman med Statens sin skogsakkunnige, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigar akseptert at planprosessen vert sett i gang.



Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som inneholder truet, sjelden eller sårbar natur, representerer en bestemt type natur på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold, utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

Saksbehandling

Naturfaglege registreringar

Lokaliteten ligg på høgda rett over kommunesenteret i Valldal. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen har sure og harde gneisar, men klart også utfellingar av kalkspatmarmor. Området har verdiar knytt til gammal furuskog, og spreidde innslag av gråor-heggeskog, samt noko ras- og blokkmark og høge bergveggar. Vegetasjonen er dominert av typa lågurtskog med overgang til småbregne- og høgstaudeprega skog der det er lauvskogs. Av treslag er det registrert furu, alm (NT, sjeldan), bjørk, gran, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, platanlønn, osp, rogn, rognasal og selje. Furutrea er gove og er målt med tverrmål på 50-80 cm og nokre over 100 cm. Daudvedaspektet er stadvis godt utvikla og fleire døme på gode førekomstar av læger.

Det er registrert fleire artar i botnsjiktet og av interessante artar kan det nemnast bergmynte, fingerstorr, firblad, furuvintergrøn, kranskonvall, kvitsoleie, myske, raudflangre, sanikkel, skogburkne, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, storfrytle, taggbregne, tannrot, trollbær og tyrihjel. Det er også registrert lungenever på osp og hengelav på furu. Tross tørke det året området blei kartlagt, vart det registrert furufåsesopp (NT). Skogstrukturen og vegetasjonstypene med daudvedelement er av ein slik kvalitet at ein truleg kan vente funn av fleire raudlista artar, også i høgare kategori.




Oppstartsmelding


Statsforvaltaren sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for naturreservat ved Syltefjellet til fleire aktuelle interessepartar i brev av 08.03.2021. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 12.04.2021. Det kom inn 9 innspel til meldinga, der 3 ikkje har spesielle innvendingar.

Direktoratet for mineralforvaltning melder at vest for det føreslegne verneområdet ligg ein sand- og grusførekomst, *Syltemoa*, som er vurdert til å ha regional betydning, men at eit vern etter dette forslaget ikkje vil få konsekvensar for drifta av førekomsten. Vidare melder dei at Statsforvaltaren bør undersøkje om ei full utnytting av førekomsten fører med seg konsekvensar for vernet.


Statsforvaltaren har sjekka NGU sine databasar for arealressursen grus og pukk, og ser at eit vern vil tangere grensa og to stader overlappe grensa med registrert førekomst av grus og pukk.



Oversiktskart frå GisLink over området føreslått for vern (lilla skravert polygon) og arealressurs for grus og pukk (oransje farget polygon).



Kartutsnitt frå GisLink viser ein overlapp mellom grusførekomst og føreslått verneområde på 13 kvadratmeter



Kartutsnitt frå GisLink viser ein overlapp mellom grusførekomst og føreslått verneområde på 5 kvadratmeter.

Overlappinga mellom føreslått verneområde og registrert førekomst av grus og pukk er på totalt 17-18 kvadratmeter, og Statsforvaltaren vurderer dette til å være så lite at det ikkje er av betydning for ressursen.



Vidare ligg det fleire automatisk freda kulturminne med tilhøyrande sikringszone som Olavsvegen (ID 122887), to gravhaugar ved Korsbrekka (ID 122886) og Korsbrekka II (ID 122885) som gjer at arealet vest for føreslått verneområde mot grusførekomsten er regulert i kommuneplanen til *bandlagt etter lov om kulturminne*.

Statsforvaltaren vurderer difor det dit at eit vern vil ikkje påverke moglegheit for uttak av grus og pukk ved Syltemoa.

Forsvarsbygg ønskjer at vernet ikkje skal vere til hinder for militær operativ verksemd og landing/avgang med Forsvarets luftfartøy. Dette vil bli følgt opp ved bruk av standardformulering i verneforskrifta.

NVE melder at Mørenett AS har områdekonsesjon i området og ber om at dei får verneframlegget på høyring. Dei melder vidare at Mørenett har eit regionalnett, Tafjord-Giskemo 4 på 135 kV, nær føreslått vernegrense i nord. Dei ønskjer at standarformulering om drift og vedlikehald av kraftanlegg vert att med i verneforskrift som eit direkte unntak frå vernereglane. Dette vil vi følge opp å ivareta i verneforskrifta.

Norsk Bergindustri ønskjer kartlegging av eventuelle geologiske førekomstar i området før eit vedtak om vern. Vi er ikkje kjend med at det er slike ressursar i området og har sjekka ut med NGU sine kartdatabasar.

Møre og Romsdal Fylkeskommune melder at delar av føreslått verneområde overlappar med området avsett til kloster i kommuneplanen, der det er varsla oppstart av ny reguleringsplan og søkt dispensasjon for å bygge eit kapell før reguleringsplanen er ferdig utarbeidd. MR FK legg til grunn at arbeid med reguleringsplan og skogvern vert sett i samanheng. Vidare melder dei at eit skogvern vil vere positivt for kulturmiljøet på Korsbrekka, med fleire automatisk freda kulturminne.

Mørenett melder at dei har regionalnetts linjer nær det føreslegne verneområdet i nord, og at eit vern ikkje må vere til hinder for drift og vedlikehald av høgspenlinjene i området. Dei melder at dei treng minimum 10 meter ryddebelte på utsida av ytterfase i nett-trassen, samt at det må kunne fellast tre på utsida av trassen om det er fare for at tre kan skade linja. Dette vil bli følgt opp i verneforskrifta.

Brukarinteresser

Vi har gjennom arbeidet med oppstartsmeldinga avklart nokon brukarinteresser i og i nærleiken av føreslått verneområde.

Skogbruk

Det er gjennomført ein skogbruksfagleg gjennomgang hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: Av det totale arealet tilbudd vern er om lag 130 dekar produktiv skog. Det er ikkje utført skogbruksplanlegging med miljøregistreringar i området. Det er registrert en naturtype gammal barskog med verdi A (svært viktig) på om lag 329 dekar.




Skogressurskart (SR 16) – volum (daa):

0-100 m ³ /ha	100-200 m ³ /ha	200-300 m ³ /ha	300-400 m ³ /ha	> 400 m ³ /ha
69	159	156	33	

Skogbrukeseksjonen hos Statsforvaltaren konkluderer med at eit vern har liten betydning for skogbruket.


Kommuneplan og reguleringsplan

Den 01.07.2019 blei det varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for område til kloster i Fjørå, Norddal kommune (no Fjord kommune). Planområdet omfattar område sett av til allmenntytting/kloster formål og LNFR i kommuneplanen, arealdelen.



Planavgrønsing til varsla oppstart av reguleringsplan, henta frå oppstartsmelding av 1.7.2019.

Som det går fram av verneforslaget overlappar delvis planavgrønsing for reguleringsplan og vernegrønsing for nytt naturreservat.



Kartutsnitt frå GisLink av nedste del av føreslått verneområde der det er delvis er overlapp med planområde. Det er planlagt bygd eit kloster på gnr/bnr 29/3 utanfor føreslått verneområde.

Det er planlagt bygd eit kloster på gnr 29 bnr 3 som er utanfor føreslått verneområde. Tilkomst til klosteret legg vi til grunn vil bli frå Ytterli. Kommunen jobbar og med å oppgradere eksisterande rås som går opp til Ytterli og klostertomta frå Døving. Denne råsa går gjennom store delar av foreslått verneområde. Elles forstår vi at det kan vere aktuelt med sti/trapp frå Sylte/Valldal sentrum opp til eigedomen. Stien er ein gammal kyrkjeveg kalla *kyrkjeråsa*, der utbygger ønskjer å bygge ei trapp eller Via Ferrata frå sentrum til klosterområdet.

Statsforvaltaren vurderer det slik at eit vern ved Syltefjellet ikkje kjem i konflikt med etablering av kloster på eigedom gnr/bnr 29/3. Vi ønskjer at det kjem fram i høyringsperioden om det er planlagt etablering av sti/trapp inne i føreslått verneområde, samt å få kartfesta stien kommunen oppgraderer inne i føreslått verneområde og kartfesting av kyrkjeråsa. Dette for å vurdere korleis dette kombinerast med eit vern.

Vi registrerer også at det er søkt om dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av kapell på Syltefjellet, Fjord kommune av 9.4.2021 på same eigedom som kloster. Vi vurderer at dette skal vere av utan betydning for vidare verneplanprosess, men ønskjer synspunkt i høyringa også på dette.

Kulturminne

Ved foten av Syltefjellet og tilgrensande areal til verneforslaget i vest er området etter kommuneplanen regulert som bandlagt etter lov om kulturminne. Her er automatisk freda kulturminne på Korsbrekka. Dette består av eit gravfelt (ID 122886) med to store gravhaugar på om lag 20 meter i diameter. På den eine haugen står det ein stor oppreist stein, med ein kross på toppen. Den såkalla Olavstøtta vart reist på 1800-talet, men bauten kan vere eldre og stamme frå feltet. Det er sannsynleg av gravfeltet er frå eldre jernalder, og at det kan ha samband med aktivitetsflata frå romartid. Denne ligg omlag 30-35 meter lengre søraust. Området ligg i ei svak gras- og lyngkledd helling ved ein gamal sti (Olavsvegen, ID 122886-3), 10-20 m unna den sydre terrassekanten på Syltemoa. Langs Korsbrekka går også Olavsvegen (ID 122887). Denne deler seg i fleire laup og vegen framstår som ein enkel turveg, gjennom et område med litt furuskog. I



skråninga mot sør er det fire alternative stiar. Den austlegaste er rekna som den opphavlege Olavsvegen. Ifølgje Snorre skal Heilag-Olav og hans menn ha kvilt i dette området, og på 1200-talet skal det ha vore oppført to krossar her. Området spela ei viktig rolle i kristen mellomalder, men kan også ha hatt rituelle og kultiske funksjonar tidlegare og før Olav si ferd. Begge gravhaugane ligg på kanten av Syltemoa, og vender ned mot fjorden ved Sylte. Kulturminnemyndigheita vurderer at eit naturvernområde vil vere positivt for dette kulturmiljøet.

Verneforskrift

Forslag til verneforskrift finns sist i dette dokumentet, frå side 11.

Avgrensing

Sjå vedlagt vernekart.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegget på høyring.

Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigar om erstatning, og det er krav om at det blir semje om avgrensing og framlegg til forskrift før sluttbehandling av verneframlegget.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalane. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren om grensegang og merking.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast ventast i desember 2021.



Forskrift for Syltefjellet naturreservat, Fjord kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kgl.res. 13. oktober 2000 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23.

Endra ved kongeleg resolusjon av 00.00.0000 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62.

§ 1 Føremål

Føremålet med naturreservatet er å verne eit stort og variert skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur og ulike naturtypar i skog som gammal barskog. Her er ein stor, intakt og velutvikla gammal furuskog av svært høg verdi. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogeleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Fjord kommune, 27/1, 27/3 og 27/5.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 416 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart dagsett Klima- og miljødepartementet 00.00.00. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Fjord kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre eller annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som for eksempel oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrenning er forbode.



§ 4 Generelle unntak

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn.
- e) Beiting.
- f) Utsetting av saltsteinar.
- g) Oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt.
- h) Fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt.
- i) Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.
- j) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel til lands er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande vegar og stiar.

§ 6 Generelle unntak frå reglane om ferdsel

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- eller forvaltingsoppgåver som er vedteke av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- b) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- c) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemt i § 6 andre ledd b.
- d) Hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag.
- e) Merking og rydding av nye stiar.
- f) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- g) Oppsetting og vedlikehald av gjerde.
- h) Gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade.
- i) Bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med godkjent forvaltningsplan.



- j) Øvingskjøring for formål nevnt i § 6 første ledd.
- k) Naudsynt motorferdsel for aktiviteter etter § 4 c og j, og § 7 b, c, d, g og h.

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn og omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10 Forvaltingsplan

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kva instans som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks.